



Statsforvalteren i Innlandet

Endeleg rapport etter tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap

Vestre Slidre kommune, 4. og 17. juni 2025





Endeleg rapport etter tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap i Vestre Slidre kommune 4. og 17. juni 2025

Tidsrom for tilsynet:	4. og 17. juni 2025
Tilsynssted:	Vestre Slidre kommune, Slidrevegen 16, 2966 Slidre
Kontaktperson i kommunen:	Kommunalsjef Helse og oppvekst Stine Mari Nordaas
Statsforvaltarens tilsynsgruppe:	Revisjonsleder Stig Skjeflo og revisor Bente Westrum
Dato for endeleg rapport:	24. juli 2025

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) (2010) § 29, forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011) § 10 og lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta m.m. (helsetilsynslova) (2017) § 4.

Målet med tilsynet er å undersøkje om Vestre Slidre kommunes arbeid med kommunal beredskap og helseberedskap er i samsvar med krava til kommunal beredskapsplikt og kommunal helseberedskap.

Statsforvaltaren avdekte 2 avvik under tilsynet i Vestre Slidre kommune:

Avvik 1

Vestre Slidre kommune har ikkje ein helseberedskapsplan bygd på risiko- og sårbarheitsanalyse. Beredskapsplanar skal sikre ein tilstrekkeleg produksjon av tenester ved moglege hendingar knytt til avdekka risiko og sårbarheit.

Avvik 2

Vestre Slidre kommune har ikkje gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse av faktorar i miljøet som kan ha negativ innverknad på befolkningas helse, og lagt dette til grunn for sin beredskapsplanlegging. Kommunen har ikkje utarbeidd ein beredskapsplan for sine oppgåver etter folkehelseloven kapittel 3.



Innhald

Samandrag	2
Innhald	3
1. Bakgrunn for tilsynet	4
2. Rammar for tilsynet	4
4. Resultat frá tilsynet	8
Avvik 1:	8
Avvik 2:	8
5. Anna	8
6. Grunnlagsdokument	9
7. Deltakarar under tilsynet	10



1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet vart gjennomført med heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) (2010) § 29, forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011) § 10 og lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta m.m. (helsetilsynslova) (2017) § 4. I tillegg finst tilsynsheimlar i ulike særlover på helseberedskapsområdet.

Tilsynet skal følgja føresegnene i kapittel 30 i lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) (2019).

Målet med tilsynet var å undersøkje om Vestre Slidre kommunes arbeid med kommunal beredskap og helseberedskap er i samsvar med krava i:

- sivilbeskyttelsesloven (2010) § 14 og 15
- forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011)
- helseberedskapsloven (2000)
- forskrift om krav til beredskapsplanlegging (2001), helse- og omsorgstjenesteloven (2011)
- smittevernloven (1994)
- folkehelseloven (2011)
- forskrift om miljørettet helsevern (2003)
- forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten (2016).

Statsforvaltaren ville undersøke om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift har:

- Beredskapsplanverk som etterlever krav i lov og forskrift. Dette er avgrensa til:
 - heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).
 - plan for oppfølging av heilskapleg ROS-analyse.
 - overordna beredskapsplan.
 - ROS-analyser for helse- og omsorgstenestene, miljøretta helsevern og smittevern.
 - en plan for helse- og omsorgstenestene, miljøretta helsevern og smittevern.
- Et system for å sikre handteringsevne, kvalitet og læring i beredskapsorganisasjonen. Dette er avgrensa til:
 - eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunens krisehandtering.
 - gjennomført øvingar.
 - evaluert øvingar og uønskte hendingar.

2. Rammar for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel vart sendt 8. april 2025, og relevant dokumentasjon vart gjennomgått før tilsynet. Den 10. juni 2025 var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet vart halde 17. juni 2025 over Teams.

Denne rapporten omhandlar avvik og andre inntrykk som er avdekte under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i lov og forskrifter som kommunen har plikt til å etterleva innanfor kommunal beredskapsplikt og kommunal helseberedskap.



Me gjer merksam på at Statsforvaltaren berre undersøkjer om arbeidet i kommunen med samfunnstryggleik og beredskap, og dessutan helseberedskap, er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir derfor ikkje ei fullstendig vurdering av arbeidet i kommunen med dette.

3. Hovudinstrykk

Vestre Slidre kommune har ei erfaren kriseleiing, fleire i kriseleiinga har vore med i mange år, og kjenner kommunen godt. Det blir godt jobba med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, beredskap blir ofte sett på dagsorden.

Vestre Slidre har ein ny heilskapleg ROS-analyse (H-ROS), som vart vedteke av kommunestyret 20. mars 2025, og overordna beredskapsplan er revidert på grunnlag av ny H-ROS. H-ROS tek for seg aktuell risiko i kommunen, og samfunnskritiske funksjonar og gjensidig påverking er vurdert. H-ROS tek også for seg behov for befolkningsvarsling og evakuering. Med grunnlag i H-ROS, har kommunen kaga ein handlingsplan med tiltak retta mot dei risikoområda i H-ROS med størst risiko.

Det er laga tiltakskort til overordna beredskapsplan. Det er tiltakskort for dei ulike rollene i kriseleiinga, for første timar/dag av ei uønskt hending, og ulike oppgåver som EPS og matforsyning.

Det blir gjennomført årlege møte i beredskapsrådet, som er breitt samansett. Kommunen ønskjer å utvida til møte to gonger i året. Beredskapsrådet vart informert om arbeidet med ny H-ROS, og fekk høve til å komme med innspel. Beredskapsrådet fekk og ny H-ROS på høyring.

Vestre Slidre kommune har eit system for opplæring og øving av tilsette som har ei rolle i kommunens kriseorganisasjon. Systemet omfattar alt frå opplæring av medlemmer av kriseleiinga til planlagde øvingar. Opplæringa er delt opp etter funksjon i kriseorganisasjonen, og øvingar er satt opp med mål, type øving og delt etter verksemdsområde.

Det er tydeleg for tilsynet at planverket blir nytta under ei uønskt hending, og at planverket er tilgjengeleg for dei tilsette. Alt er samla og greitt å sette seg inn i for dei som har ei rolle i krisehandteringa i kommunen.

Vurdering

Tilsynet legg til grunn at kommunens H-ROS og overordna beredskapsplan, med tilhøyrande dokument, oppfyller dei krav som følger av lov og forskrift.

Helseberedskap

Kommunalsjef for Helse – og oppvekst i Vestre Slidre kommune er på helseområdet kommunalsjef for tildelingskontor og tenestekområda Vestre Slidre Helsetun, Heimetenesta, Familie, helse og førebygging og Miljøtenesta.

ROS-analyser

Alle ROS-analysane på området har nytta same skjema frå Trondheim kommune. Det er utarbeidd ein overordna ROS for Helse, datert 13.03.2025. Tenesta har identifisert følgande uønskte hendingar: Pandemi og smittsame sjukdommar, ekstremvær og naturskadar, mangel på



helsepersonell, legemiddel og matmangel og IKT-svikt og cyberberangrep. Analysen er utført av kommunalsjef og fagleiar/tenesteleiarar og viser til heilskapleg ROS og ROS for tenesteområda. Det er framlagt ROS-analyser for helsetun, heimetenesta, legesenter, helsestasjons- og skolehelseteneste, rus- og psykisk helseteneste, individuelt tilrettelagte tenester og tildelingskontor. Analysane er gjennomført av ei gruppe frå aktuelt tenesteområde.

Kommuneoverlegen har laga ROS-analyse for smittevern, datert 30.04.2025.
Kommuneoverlegen har oversendt eit utkast til ROS-analyse for miljøretta helsevern/miljøhendingar i kommunen.

Det er lagt fram "Beredskapsplan miljørettet helsevern" frå Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres. Planen inneheld "ROS-analyse for miljøhendingar og oppgåver innan miljøretta helsevern" med ei liste over mogelege uønskte hendingar, kva kan skje/tiltak i befolkninga og oppgåver for MHV Hallingdal og Valdres.

Helseberedskapsplanar og øving/opplæring

Plan for helse og sosial beredskap 2020 –2025 er ikkje datert. Planen viser til overordna ROS frå 2017 og løfter fram stor trafikkulykke som mest sannsynlege scenario. Under kritisk infrastruktur er nemnd telefoni, vatn og avløp, langvarig straumbrot og stengde vegar. Det er få tiltak/prosedyrar. Planen verkar å vise til anna eldre planverk. Vi får opplyst at ein ny helseberedskapsplan nesten er ferdig. Hausten 2025 kjem òg ein kompetanseplan på helseområdet. I 2025 er det planlagt helseberedskapsøving på mellomleiarnivå.

Det er planlagt å utarbeide tiltakskort og oppdatere rutinar for tenesteområda på bakgrunn av ROS-analysane som er gjort våren 2025. Tilsynet har motteke kontinuitetsplanar for helsetun, heimeteneste og individuelt tilrettelagte tenester datert april 2025. Tenestene har enkelte rutinar, f.eks. for brann/evakuering og papirutskrift av hovudkort, medisinkort og arbeidslister. IKOS-tavla i heimesjukepleia har faste beredskapsrutinar for å redusere konsekvens ved hendingar. Det er utarbeidd ei tilpassa liste for eigenberedskapen hos brukarar.

Det er lager av smittevernutstyr for 2 månader på helsetunet, og eit mindre lager av legemiddel. Institusjonssjøskenet har lager av frysevarer for 3 veker og tørrvarer for 2 månader.

Plan for EPS i Vestre Slidre 2025-2029 viser at drifta skal leiast av PTMS (eigedom og forvaltning). Det er eige tiltakskort for psykososialt team (POSOM).

Vestre Slidre kommunen har ein smittevernplan som er revidert i februar 2025. Plana inneheld tiltak ved smitteutbrot og pandemiplanlegging. Det er vedlagt 14 tiltakskort med prosedyrar for varslings og tiltak, blant anna smittesporing, testing, isolasjon, karantene, gymsal-vaksinering og tuberkulosekontroll.

Det blir opplyst at kommunen nyleg har inngått avtale om infeksjonskontrollprogram med Sjukehuset Innlandet HF.

Det ligg ikkje føre ein beredskapsplan for miljøretta helsevern (miljøhendingar) i Vestre Slidre kommune, utover dokumentet frå Miljøretta Helsevern Hallingdal og Valdres nemnd over. Det finns eit tiltakskort for utdeling av jod-tablettar ved atomhending.

Vurdering (helseberedskap)



Vi vurderer at helsetenesta i Vestre Slidre kommune har gjennomført ROS-analyse for helse overordna og på tenesteområde, slik loven krev. Vi anbefaler at analysane supplerast med ein kort beskriving av tenestene og ev. sårbarheiter, bakgrunn for utval av hendingar, forklaring av skala for sannsyn og konsekvens og ei oppsummering i form av listevising eller risikomatrise. Nokre vurderingar manglar deltakarar og datering. Vi viser til Helsedirektoratet sin publisasjon «Tips ved risikovurdering som grunnlag for arbeidet med helse- og omsorgsberedskap i kommunane».

Same analyseskjema er nytta for ROS-analyse for smittevern. Nokre vurderingar av lokale forhold og risiko finns i smittevernplanen. Vi anbefaler å ta desse inn i ROS-analysen.

Dokumentet frå Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres inneheld ei generell liste over moglege hendingar utan analyse. Med utgangspunkt i heilskapleg ROS for kommunen bør ROS-analysen for miljøretta helsevern/miljøhendingar systematisk gjennomgå aktuelle hendingar med tanke på risiko for helsa til innbyggjarane (DSB eller eige skjema). Utkastet frå kommuneoverlegen kan vere ein god start. Atomhendingar er døme på ei hending som ikkje er med i heilskapleg ROS i kommunen, men som bør vere med i ROS for miljøretta helsevern (og dessutan kan ha konsekvensar for drifta av helsetenestene).

Generelt er den heilskaplege ROS-analysen i kommunen er viktig som grunnlag for vurderingar av ROS for helseberedskapen, samtidig som resultata av ROS for helseberedskapen er ei viktig informasjonskjelde for heilskapleg ROS.

ROS-analyse for helseberedskap skal identifisere og analysere hendingar som kan føre til ekstraordinære belastningar for evna til å yte dei helse- og omsorgstenester kommunen skal sørge for et tilbod av eller er ansvarleg for, jf. helseberedskapsloven § 2-2.

Helseberedskapsplanen skal byggje på avdekt risiko og sårbarheit, og innehalde prosedyrar for ressursdisponering og omlegging av drift som sikrar nødvendig tenesteyting ved redusert kapasitet i kommunen eller ekstraordinær belastning på kommunen, jf. forskrift om krav til beredskapsplanlegging mv. § 4.

Vi finn at gjeldande plan for helse og sosial beredskap er utdatert, den viser til ein 8 år gammal heilskapleg ROS-analyse og bygger ikkje på ROS-analyse for helse- og omsorgstenestene. Prosedyrar og tiltak synes mangelfulle og er ikkje i samsvar med utviklinga etter 2017. Det er bra at kommunen snart har klar ein ny plan som kan bygge på funn i nyleg gjennomførte analysar. Helseberedskapslova stiller krav til at det i nødvendig omfang òg skal utarbeidast delplanar for institusjonar og tenesteområde. Kommunestyret skal sørgje for å fastsette helseberedskapsplanen.

Kommunen har ein smittevernplan. Denne er revidert før gjennomført smittevern-ROS. Det er bra at smittevernplanen beskriv lokale forhold og organisering, og har med erfaringar og tiltak frå Covid-19- pandemien. Vi anbefaler at smittevernplanen oppdaterast og at samanhengen mellom ROS-analyse for smittevern og plan synleggjerast.

Beredskapsplanen frå Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres lister opp mange moglege konsekvensar av hendingar der dei kan yte tenester. Tilsynet vurderer at dette blir svært generelt og ikkje er ein plan for handsaming av miljøhendingar i Vestre Slidre kommune, bygd på ROS.



ROS-analysen for miljøretta helsevern skal gje grunnlaget for beredskapsplanlegginga på området. Beredskapsplanen for miljøhendingar bør innehalde informasjon om kommunens samfunnsmedisinske kompetanse, kommunens mynde og delegering av mynde til kommuneoverlegen ved tidsnød.

Det er opp til kommunen om den vil lage eigen ROS og plan for miljøhendingar eller samle fleire ROS-analyser og planar på helseområdet, så lenge det er klart kva for lovkrav dokumenta er meint å dekkje.

Etter forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. skal personell som er tiltenkt oppgåver i beredskapsplanen ha kompetanse, opplæring og vere øvd. Kommunen bør ha eit system for opplæring i og øving av helseberedskapen. Kommunen må ha mål og planar for øving, både for frekvens og innhald.

Vestre Slidre kommune har beskrive opplæringstiltak innan helseberedskap i 2025, og arbeider med ein kompetanseplan for helsetenesta.

4. Resultat frå tilsynet

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet med Vestre Slidre kommune:

Avvik 1:

Vestre Slidre kommune har ikkje ein helseberedskapsplan bygd på risiko- og sårbarheitsanalyse. Beredskapsplanar skal sikre ein tilstrekkeleg produksjon av tenester ved moglege hendingar knytt til avdekka risiko og sårbarheit.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. § 3, jf. helseberedskapsloven § 2-2.

Avvik 2:

Vestre Slidre kommune har ikkje gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse av faktorar i miljøet som kan ha negativ innverknad på befolkningas helse, og lagt dette til grunn for sin beredskapsplanlegging. Kommunen har ikkje utarbeidd ein beredskapsplan for sine oppgåver etter folkehelseloven kapittel 3.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Forskrift om miljøretta helsevern § 5, jf. folkehelseloven §§ 8 og 28 og helseberedskapsloven § 2-2.

5. Anna

Sidan tilsynet er avgrensa til to tema for tilsyn har Statsforvaltaren ikkje vurdert til dømes førebyggjande samfunnstryggleik etter plan- og bygningslova.



6. Grunnlagsdokument

Under er ei oversikt over dokument som Statsforvaltaren har brukt som grunnlagsdokument under tilsynet:

- Kriseplan for barnehagane i Vestre Slidre kommune
- Kriseplan Vestre Slidre skule
- Atomberedskapsplan
- Beredskapsplan vatn desember 2005- rev oktober 2022
- Beredskapsplan Miljøretta helsevern 2024-2028
- Eigenkontroll beredskapsarbeid for 2024
- EPD Plan Vestre Slidre 2025 2029
- Handlings- og økonomiplan 2025-2028
- Heilskapleg H ROS 2025 2029
- Helsetun ROS Beredskapsplan
- Kommunal planstrategi 2024 2028
- Kommunal planstrategi slutthandsaming 200624
- Kommunedelplan helse og omsorg 2018 2030
- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommunestyrevedtak H ROS 28.02.25
- Kontinuitetsplan Heimetenesta
- Kontinuitetsplan Helsetun
- Kontinuitetsplan ITT
- Mål for beredskapsarbeid kriseorganisering og verksemdsområder 25 29 og opplæringsplan knytt til beredskap
- Overordna beredskapsplan2022 2025
- Overordna organisasjon
- Plan EKOM bortfall 2025 2029
- Plan for helse- og sosial beredskap 2020 2025
- Prosedyre for utdeling av jodtabletter ved atomhendelse
- Risikovurdering Miljøretta helsevern
- Risikovurdering Smittevern
- ROS analyse ITT helseberedskap
- ROS Heimetj. Helseberedskap – Bemanning
- ROS Heimetj. Helseberedskap bruk av kjøretøy
- ROS Heimetj. Helseberedskap Smittevernlager- og utstyr
- ROS Heimetj. Helseberedskap straum og E-ko. Bortfall
- ROS helsestasjons- og skolehelsetjeneste
- ROS psykisk helse og rus
- ROS Slidre legesenter
- ROS Tildelingskontor
- Samarbeidsavtale med Høre Ryfoss Røde Kors Hjelpekorps
- Samarbeidsavtale Sanitetsforeningen



- Samledokument med evalueringer hendelser
- Smittevernplan -revidert utg. 19.04.25
- Tiltakskort Vestre Slidre kommune matforsyning revidert april 2025
- Aarsmelding VSK 2024

7. Deltakarar under tilsynet

Namn	Stilling/funksjon	Åpn.møte	Intervju	Slutt møte
Haldor Ødegård	Ordfører	✓	✓	✓
Rolf Stalenget	Kommunedirektør	✓	✓	✓
Ivar Hagerup	Beredskapskoordinator	✓	✓	✓
Stine Marie Nordaas	Kommunalsjef helse og oppvekst	✓	✓	✓
Siw Odden Fosheim	Kommuneoverlege		✓	✓
Sigrid Hovda	Sjukepleiar i turnus		✓	
Hanne Kårstad	Tenesteleiar heimetenesta		✓	✓
Melanie Degen	Informasjonsansvarleg	✓	✓	✓
Terje Kjøs	Eigedomssjef – drift- utv.	✓		✓
Terje Karlsen	Forvaltningssjef	✓		✓



E-postadresse:
fminpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Postboks 987
2604 Lillehammer

Besøksadresse:
Gudbrandsdalsvegen
186,
Lillehammer
Parkgata 36, Hamar

Telefon: 61 26 60 00
www.statsforvalteren.no/in

Org.nr. 974 761 645